

Søknad om dispensasjon – løyve til å dele frå tunet, naustet og bruksrett til naust frå gnr.451 bnr.1 i Alver kommune.

Syner til vedlagde søknad om løyve til å dele frå tunet på eigedommen vår – gnr.451 bnr.1 i Alver kommune. Føremålet med delinga er å selje jorda til naboen som eig gnr.451 bnr.2.

Desse eigedommane var ein gang i tida ein eigedom og no meiner me det er tid for å slå dei saman att.

Slik me forstår dette, er det naudsynt å søke om dispensasjon frå gjeldande plan for at tiltaket skal kunne gjennomførast. Eigedommen ligg i LNF-område, men når delinga er gjennomført vil tunet vere ei sjølvstendig bustadeining lausreve frå landbrukseininga. Dette krev dispensasjon.

Sidan naustet ved Nesvatnet og skal høyre til oss etter salet av jorda, er det og naudsynt med dispensasjon frå tiltak i 100 meters beltet frå vatn og vassdrag.

I høve til reglane i jordlova om løyve til deling, vil me argumentere som følger:

- Naboen har alt i lenger tid nytta jorda. Gnr.451/1 og 451/2 ligg med felles grense og jorda vert liggande i samla teigar.
- Det vil vere bra for vidare drift og oppfølging og varetaking av jorda at den som driv og er eigar. Då vil det vere enklare å investere i t.d. grøfting og gjerde.
- Eigedommane på Morken er heller små, og for å kunne drive bra i vår tid er det naudsynt å styrke ressursane på bruka. Naboen driv med sau. På gnr.451 bnr.1 er det særst gode beiter og dei ligg i samanheng med kjøpar sine egne beite. Det er berre å opne grinda så går dyra fritt.
- Etter kjøpet vil eigedommen til naboen om lag doble sitt arealgrunnlag til 9,6da fulldyrka, 20,8da overflatedyrka og 108,6da beite. I alt vert ny eigedom 183da.
- Me vil halde att tunet og naustet. Dette er ressursar som naboen ikkje treng. Tunet ligg slik til at det ikkje kjem i konflikt med drifta av areala at det er ei sjølvstendig eining. Det er tilkomst rett til offentleg veg og det er god avgrensing mot landbruksareala. Drifts- og miljømessige ulemper kan me ikkje sjå at det vert. Tilkomst til jorda går utanom tunet og spreining av gjødsel med moderne utstyr skapar ikkje konflikt.
- Naustet ligg heilt i sjølina. Det vert ikkje eit nytt tiltak i strandsona og eigaren vert og den same som før. Naustet grenser ikkje til dyrka mark, men ligg i ein liten skogparsell. Det er berre gangsti til naustet.

Samla sett meiner me dette salet og denne delinga gjev ein særst god løysing for alle partar. Me kan halde fram å bu på staden, naboen slipp å overta bygningar han ikkje treng, jord og ressursane på garden kjem til nytte og vert eigd av den som driv. Då er sannsynet for at desse ressursane vert teke godt i vare stor.

Delinga fører i realiteten ikkje til endringar anna i eigedomstilhøva for landbruksareala.

Med desse grunngevingane vonar me på positivt vedtak, då dette er må vere i samsvar med landbrukspolitiske målsettingar om å styrke dei mindre bruka.

Venleg helsing

Dagfinn - Eli Morken
Dagfinn og Eli Morken.